

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 10.11.2020

Til stades: Ole Gisle Vassel, Angunn Handegard Trå, Marta Samland, Jan Tore Huus, Oddmund Skeie, Runar J. Haugen og Kaia Gulbrandsen

Forfall: Thorleif Gjernes

Referent: Kaia

Sak 2020/62: Godkjenning av innkalling og dagsorden; godkjent.

Sak 2020/63: Godkjenning av referat frå styremøte 13.10.20; godkjent

Sak 2020/64: Eigedomar:

- Hjartestartar kulturhuset, tilsyn/vedlikehald. Ole sjekkar om batteri vart bytta sist år og kva krav det er til vedlikehald av hjartestartarar. Hjartestartaren er registrert i Hjertestarterregisteret 113, og vart oppdatert der 27.10.2020.
- Det har vore ein liten vasslekkasje i nedste høgda i kulturhuset. Denne er fiksa.

Sak 2020/65: Tilstellingar:

- Oppsetjing og tenning av julegran i båthamna 28.11.2020. Kaia hogger juletre og ser til at det kjem opp i båthamna. Treet skal tennast i samband med laurdagsgraut i bedehuset.
- Romjulsbasaren. Styret jobbar med å skaffe gevinstar. Me legg ut loddbok i månadsskiftet november/desember. Satsar på eit godt loddsal på bok i år når det nok ikkje vert romjulsbasar. Me set prisen til kr 10,- pr lodd. Bygdelaget vil lage eit system for kjøp av lodd digitalt med betaling på Vipps. Ta kontakt med styret om du ynskjer å gje ein gevinst. Takk for all støtte!

Sak 2020/66: Økonomi

Status: det viser på både inntekter og utgifter at det er eit roleg år grunna korona.

Leigeinntektene på kulturhuset er om lag 40.000,- under førre år. Inntekt på arrangement ligg rundt 115.000,- under i fjor. Så langt viser rekneskapen eit underskot på om lag 60.000,-.

Kulturhuset har fått tilsegn på kr. 120.000,- frå Hardangerstiftinga til ymse oppgraderingstiltak i huset.

Sak 2020/67: Nærmiljøanlegget:

Status. Prosjektet har fått tilsegn på kr 400.000,- frå Hardangerstiftinga. Elles jobbast det jamt og trutt med søking på midlar og sponing, mellom anna tippemiddelsøknad.

Sak 2020/68: Herand Landhandleri:

- Det vart opplyst at det ville bli generalforsamling 11.11.2020. Denne vart ikkje kalla inn til. Ny dato kjem, møtet vert no sannsynlegvis digital grunna smittevern.

- Ladestasjon for el-bil, status; me ventar på tilbakemelding frå styret i butikken på denne saka.

Sak 2020/69: Andre saker/eventuelt:

- Nytilflytta – me har tre nytilflytta siste år på lista for blom og abonnement på neste års bygdeblad. Leiar tek ein runde til desse i desember.

Neste styremøte tysdag 08.12.20 kl. 19.00 på Herand kulturhus